

Fra: Reidun Kvile [Reidun.Kvile@statped.no]
Sendt: 16. august 2011 09:34
Til: Sørensen Jan
Emne: Breim Kraft AS - utbygging av stor-elva

Merknader ang. Breim Kraft AS sine planar om kraftutbygging av stor-elva.

Storelva har i generasjonar vore ei god og mykje brukt fiske-elv, ikkje berre av oppsitjarande rundt elva men og av bygdefolket elles. Dette har skapt glede og spenning for ungar i lag med vaksne og ei god opplæring i stong-fiske for dei yngste. Det å ha ein slik mulegheit i nærmiljøet er av stor verdi for oss som bur her, likedan for turistar som kjem til Breim.

I elve-osen ved Seimslandet er det eit eldorado i seg sjølv både for oter-fiske og stong-fiske. Skulle dette bli sterkt forringa vil det vere eit stort tap både for fastbuande og turistar.

Med helsing

Reidun og Gunnar Kvile

-Scanned by Exchange Hosted Services-